



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/51849-2

Dykkar referanse:


Vår dato:
26.03.2018

Uttale – Dispensasjon – Gnr. 85 bnr. 2 – Fv. 406 – Vetås Nordre – Våningshus – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 14.03.2018.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om løyve til å oppføre bustad nr. 2 på gnr. 85 bnr. 2 i Radøy kommune. Omsøkte areal er avsett til *Landbruk-, natur- og friluftsføremål* (LNF) jf. Kommunedelplan for Radøy sør. Søknaden er grunngjeve med at dagens våningshus har kulturminneverdi og ikkje kan rivast. Søkjer ynskjer å oppføre nytt våningshus bak noverande våningshus, og nytte det eksisterande til fritidsbustad.



Situasjonskart: Oversikt eigedom og aktuell avkøyrslø.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Opplysning om saksgang:

Før søknaden vert handsama etter veglova, må tiltaket vere avklart etter plan- og bygningslova og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. §19-2. Vi har og klagerett i slike saker.

Uttale:

Eigedomen er uregulert og avsett til LNF -føremål jf. KDP for Radøy sør. Sjølve avkøyrsla er regulert gjennom *Fv. 406 og fv. 407 - Storheimstø - Vetås (2010)*. Denne planen er enno ikkje realisert.

Det er søkt om bruksendring frå bustad til fritidsbustad, samt oppføring av nytt våningshus på eigedomen. Tiltaket krev avkøyrsløyve etter veglova.




Fig: Del av reguleringsplan for Fv. 406 og Fv. 406 Storheimstø - Vetås (2010). Vegbilette av avkøyrsla til høgre.

Statens vegvesen skal ved si vurdering legge vekt på omsynet til trafikken på og langs vegen. Det må gjerast ei totalvurdering, der det utover tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleiken på den vegen det er søkt om avkøyrsløve frå.

Fylkesvegen er av låg standard og har berre eitt køyrefelt. Det manglar tilbod til gåande og syklende. Ved avkøyrsløypunktet er det etablert eit busstopp. Fartsgrensa på staden er 80 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 420. I *Rammeplan for avkøyrsløve og byggjegransar langs riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 - 2016)* er fylkesvegen klassifisert til *Haldningsklasse 4*. Det vil seie at vi normalt sett godkjenner løyve til utvida bruk dersom avkøyrsla tilfredsstiller dei krav vi har til sikt og utforming.

Før vi gjev eit nytt avkøyrsløyve vil vi stille krav til at avkøyrsla er i samsvar med dagens krav til utforming. Krava vi stiller vil mellom anna vere basert på kor mange brukarar det er i

avkøyrsla og fartsgrensa på staden. Dersom det er fleire enn ni i brukarar stiller vi til vanleg krav om kryssutforming av avkøyrsla.

Vi har ikkje vore på synfaring i den aktuelle avkøyrsla, men baserer vår uttale på tolking av kart, foto og vegbilette over området. Dersom vi skal gje eit nytt løyve vurderer vi at det kan vere aktuelt å stille krav om å utbetre siktforholda i avkøyrsla. Dette kan medføre tiltak på annan manns eigedom. Det må i så fall må opprettast ein privatrettsleg avtale for å få løyve til dette. Andre krav vi vil vurdere er om det er aktuelt å stille krav om kryssutforming av avkøyrsla.

Sluttord:

Dersom Radøy kommune vel å gje dispensasjon til ny bustad, må det søkjast om nytt avkøyrsløyve etter veglova.

Det kan påreknast å få avkøyrsløyve til ny bustad dersom avkøyrsla vert opparbeidd i samsvar med dei krav vi stiller til sikt og utforming. Vi tek atterhald om at vi ikkje har vore på staden og vurdert den aktuelle avkøyrsla.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.